



Norddal kommune

Retningslinjer for tildeling av Eldsjelpris

1. Eldsjelprisen skal vere det frivillige i Norddal kommune sin eigen heiderspris.
2. Eldsjelprisen i Norddal vert gjeven til ein person eller organisasjon som fylt med iver og begeistring gjer, eller har gjort, ein innsats til beste for lokalsamfunnet.
3. Prisen kan også tildelast ein person / organisasjon som har skapt eit positivt omdøme for Norddal kommune.
4. Tidlegare kulturprisvinnarar er ikkje utelukka frå å kunne motta eldsjelpris.
5. I vurderinga skal det leggjast særleg vekt på at vedkomande person/lag står fram som eit godt føredøme, viser pågangsmot og såleis stimulerer andre til frivillig innsats.
6. Prisen skal synleggjere det frivillige sin eigen verdi og samfunnsverdi ved å løfte fram gode eksempel på resultat av frivillig innsats.
7. Eldsjelprisen skal annonserast gjennom lokalavisa og på kommunen si heimeside. Enkeltpersonar og organisasjonar kan kome med forslag på kandidatar.
8. Eldsjelprisen skal vere ei pengegåve på kr 8.000 og eit diplom, og kan delast ut årleg.
9. Juryen for eldsjelprisen skal bestå av 5 personar, og ska ha ei funksjonstid på 4 år som følgjer kommunestyreperioden. Juryen vert valt av kommunestyret etter at valnemnda har laga innstilling. Juryen skal settast saman av representantar for frivillige lag og organisasjonar i kommune, og skal i størst muleg grad representere dei ulike bygdene, ulike frivillige aktivitetar, ulike aldersgrupper og begge kjønn. Det vert valt personleg vara til den einskilde. Rådmannen oppnemner sekretær for juryen. Sekretæren kallar inn til første møtet.
10. Eldsjelprisen skal delast ut på eit høveleg arrangement i regi av det frivillige. Juryen/sekretæren tek kontakt med aktuelle personar/organisasjonar for å initiere dette.
11. Sitjande jury gjennomgår retningslinjene ein gong i sin funksjonsperiode med tanke på ev revidering. Dersom det kjem endringsforslag, bør også det øvrige frivillige få høve til å kome med forslag. Sidan det er kommunen som kostar prisen, vert retningslinjene endeleg vedtekne av kommunestyret. Innspel frå det frivillige skal vektleggast.